

A

B

C

D

E

Plan for leseopplæringa i Finnøy kommune



FJ

G

K

H

L

I

M

A B C D E F G H I

Ord i seg sjølv, seier så lite,
så godt som ingen ting.
Det er tankane og kjenslene,
som skaper verdien omkring.

Ord er kun bokstavar,
sagt eller skrive ned på eit papir.
Først når tankane grip dei,
synes verdien dei gir.

Trond Rudslie

F J G K L M N O P Q R



Finnøy kommune 2013
Layout: Ayna Camilla Eno
Trykk: Kai Hansen Trykkeri AS

Innhold

Forord.....	s 6
Språk og lesing - fagleg forankring.....	s 8
Emne i leseopplæringa.....	s 11
Førebuaende leseopplæring i barnehagen.....	s 13
Ressursar i leseopplæringa.....	s 16
Helsestasjonen som ressurs i leseopplæringa.....	s 19
Biblioteket som ressurs i leseopplæringa.....	s 22
Minoritetsspråk i skule og barnehage.....	s 24
Førebuaende leseopplæring i barnehagen.....	s 26
Leseopplæring på 1. trinn.....	s 28
Leseopplæring på 2. trinn.....	s 30
Leseopplæring på 3. trinn.....	s 32
Leseopplæring på 4. trinn.....	s 34
Leseopplæring på 5. – 7. trinn.....	s 36
Leseopplæring på 8. – 10. trinn.....	s 40
Læringsstrategiar.....	s 42
Oversikt over kartleggingar i norsk i Finnøyskulane.....	s 44



Forord

Finnøy kommune sin leseplan er eit dokument som skal sikra at det vert arbeid heilheitleg og systematisk med leseopplæringa, ikkje bare i norskfaget, men som ein integrert del i alle fag – det er praksis som tel! Målet er å minska forskjellane mellom det dei ulike lærarane legg vekt på i leseopplæringa, og sikra ei kvalitativ god leseopplæring.

Det var våren 2012 at kommunalsjefen for Oppvekst peika ut ei prosjektgruppe som skulle utarbeida ein slik plan. Denne gruppa var samansett av personar frå alle skulane og dei fleste barnehagane i kommunen fordelt på dei ulike fasane i leseopplæringa. Her var helsesøster med, barnehagepersonale, lærarar frå 1. – 4. trinn, 5. – 7. trinn og 8. – 10. trinn, samt bibliotekansvarleg i kommunen.

Det har vore fellessamlingar og dei ulike gruppene har hatt egne møte gjennom året. Gruppene har også hatt drøftingar med sine aktuelle responsgrupper.

Planen er forankra i *Rammeplan for barnehagar*, *Opplæringslova*, *Kunnskapsløftet* og Læringscenteret sitt rettleiingsmateriell *Lesing er*.

Dette er som nemnt ikkje ein plan berre for norskfaget og norsklærarane. Alle lærarane, også dei av personalet i barnehagen som får ansvar for førebuaende leseopplæring der, er leselærarar, og dei er alle forplikta på denne planen.

Lesing er grunnleggjande for anna læring, personleg utvikling og deltaking i samfunnet. Lesing dreier seg ikkje bare om teknikk og ferdigheit.

Tileigning av leseferdigheit skjer ofte gjennom gode opplevingar med litteratur og tekst. Det må derfor leggast opp til gode leseopplevingar gjennom alle åra i grunnskulen. Lesegleda er i seg sjølv ein verdi å fremja, og bør stimulerast så tidleg som mulig.

Ein sær s viktig part i barna si leseopplæring er heimen sin innsats. Derfor har gruppa parallelt med utarbeiding av denne planen også laga ei enkel brosjyre til heimane om kor viktig deira innsats er og tips til kva dei kan gjera.

Dette er som nemnt ein forpliktande plan, men det er ikkje ein statisk plan som skal gjelda for all framtid. Den må evaluerast kontinuerleg og endringsframlegg må meldast skuleetaten for å få ei samordna oppdatering av planen. Ny gjennomgang av heile planen må skje innan skuleåret 2016-17.

Planen må vera dynamisk også på den måten, at den utfordrar og krev refleksjon rundt eiga leseundervisning. Det må vera kultur og rom for jamleg vurdering av eige arbeid og elevane sin leseferdigheit, med oppfølging- både ved den einskilde barnehage eller skule og ved oppvekstetaten som organisasjon.

Språk og lesing

Språkforståing og talespråk

Språkforståing er grunnlaget for utvikling av talespråket. Dei språklege erfaringane og opplevingane barn gjer for å forstå talt språk, er derfor eit viktig grunnlag for barnet si eiga språkutvikling. Dette gir grobotn for at det "veks fram" eit behov for, og ønske om, sjølv å vera aktivt deltakande i språkleg kommunikasjon. Slike intensjonar fører til at barnet gjer sine første taleforsøk ved å prøva å etterlikna talte ord og talespråk som dei høyrer og forstår. I 4 - 5 års alderen har dei fleste barn fått eit ord- og omgrepsforråd og nådd eit nivå i språkforståing, talespråk og uttale som dannar eit godt grunnlag for kommunikasjon, og for vidare læring og utvikling fram mot skulealder.

Språkleg medvit

Når eit normalt språkleg nivå for eit barn i 4 - 5 års alderen er oppnådd, ser me at det begynner å oppdaga lydsida av talte ord, den fonologiske identiteten til ordet. Dei blir bevisste på at ord me seier er sett saman av språklydar til eit språklydmønster. Ei slik fonologisk oppdaging/bevisstgjerung gjer at barnet lærer seg ulike fonologiske ferdigheiter, for eksempel riming. Dei lærer å identifisera og skilja ut delar av språklydmønsteret, som å lytta ut ord, stavingar, og språklydar i ord. I same periode ser me også ofte at barn rettar meir merksemd mot eigen og andre sin uttale.

Mange barn i førskulealder blir nysgjerrige på, og interesserte i bokstavar og skrivne ord. Nokre barn lærer seg kva bokstavane heiter (bokstavnamn), og lærer seg å gjenkjenna skrivne ord. Dette kan vera namn på personar, kjente logoar som Coca Cola, Kiwi, Esso og liknande. Herfrå vil barnet kunna bli merksam på at skrivne ord er sett saman av bokstavar til eit bokstavmønster.

Dette er ordet si formside og er ordet sin ortografiske identitet. All interesse for skrivne ord, gryande ortografisk bevisstgjerung og erfaring med skriftspråklege aktivitetar er svært positivt. Skriftspråket er det symbolspråket ein byggjer på, når ein skal læra å lesa og skriva.

Språklege ferdigheiter og vanskar

All språkleg læring i førskulealder er svært viktig med tanke på vidare læring. Dette skjer aller best i sosiale og naturlege situasjonar og samanhengar. Her kjem barnehagen inn som ein svært viktig arena. Det er viktig å ha samtalar og aktivitetar med barnet som gjer det bevisst på ting og hendingar rundt seg. Og dessutan leggja tilrette for allsidige opplegg, slik at ein stimulerer alle dei ulike sidene ved barnet. Dersom barn har vanskar med å ta del i aktivt samspel og aktivitetar med andre barn, kan språkutviklinga bli hemma. Motsett kan barn også få vanskar med åtferd og sosial fungering dersom dei har språkvanskar. Det er ikkje alltid like lett å sjå årsakssamanhengane her. Det er derfor viktig med systematisk observasjon og kartlegging av fleire funksjonsområde når barn sine språklege ferdigheiter og eventuelle vanskar skal vurderast. Ved skulestart er det viktig å ha best mogleg kjennskap til kvart enkelt barn sine språklege ferdigheiter og eventuelle vanskar, slik at ein kan ta omsyn til dette når ein legg til rette begynnar-opplæringa i 1. klasse.

Lese- og skriveutvikling

Mange faktorar er avgjerande for ei positiv lese- og skriveutvikling, m.a. er det viktig at lesing og skriving blir innlært som språklege ferdigheiter, og ikkje bare som reint tekniske ferdigheiter. Barna må tidleg få erfarar at føremålet med å lesa er å forstå, og føremålet med å skriva er å formidla slik at andre forstår. Lesing og skriving er ferdigheiter som saman med talespråket er dei viktigaste kommunikasjonsverktøya me har.

Dette er ein leseplan, men leseopplæringa heng i stor grad saman med skriveopplæringa. Det er positivt å koma tidleg i gang med skriving. Me ser ofte at

god rettskriving er samanfallande med god leseferdigheit og motsett, at vedvarande rettskrivingsvanskar ofte er samanfallande med lesevanskar.

Vurdering og kartlegging

Det er mange læringsmål ein skal nå i lese- og skriveopplæringa, og det vert forventa at barna oppnår eit visst ferdigheitsnivå på visse tidspunkt i opplæringa.

Lese- og skriveutviklinga bør kartleggjast med standardiserte testar på bestemte tidspunkt i løpet av skulegangen. Dette vil avdekka funksjonsnivå, mangelfull læring og eventuelle vanskar som måtte førekoma. Det vil vera spesielt viktig å få avklart barnet sine læreføresetnader og om det finst spesielle språklege vanskar. Dersom eventuelle vanskar varer ved, må ein tilvisa til PP-tenesta for å få gjennomført ei breiare utgreiing og vurdering.

Det vil vera naturleg at det er norsk-læraren som gjennomfører dei standardiserte testane, men det er viktig å presisera at alle lærarane har eit ansvar for å vera merksam på eleven si lesing, evna til å reflektera, evna til å strukturera informasjon og evna til å granska og tolka tekst, eller det å lesa mellom linjene. Det er viktig at læraren vurderer desse prosessane gjennom observasjon av korleis eleven les og arbeider med tekstar i skulekvardagen.

Læresamtale er ein metode som kan nyttast for å fremja eleven sin refleksjon om eiga læring og lesing.



Fire emne i leseopplæringa

Rettleiingsmaterialet "Lesing er", som er utarbeidd av Lesesenteret, peikar på kva emne ein leseplan må omfatta. Desse emna tek utgangspunkt i at lesing er ein samansett aktivitet og skal vera ei grunnleggjande ferdigheit i alle fag. Desse emna dannar ramma for leseplanane våre frå 1. – 10. klasse. For barnehagen sin del har me i planen for førebuande leseopplæring valt fire andre hovudemne. Dette kjem på side 13.

Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing

Barnehage og skule må gi barn og elevar rike erfaringar med bøker og tekstar og skapa kultur for lesing. Ein må etablere gode vanar og leggja til rette for varierte leseaktivitetar som fremjar gode meistringsopplevingar for alle. Høgtlesing, ulike lesestimuleringsprosjekt, rik tilgang til bøker og andre tekstar, også digitale, kan vera gode tiltak for å skapa engasjement og motivasjon for lesing. Biblioteket og foreldre er også viktige medspelarar i dette arbeidet.

Å utvikla språkleg ferdigheit

Å bli språkleg bevisst, få eit godt ordforråd og kunna fortelja med samanheng ser ut til å vera spesielt viktige faktorar for å kunna utvikla god leseferdigheit. Eit godt munnleg språk gjer at elevane har større sjanse for å forstå det språklege mangfaldet dei møter i tekst. Samtidig blir det munnlege språket stimulert gjennom både å lesa og å skriva.

For å utvikla språkleg ferdigheit må borna og elevane få rikeleg erfaring med å:

- Utvida ordforrådet.
 - Reflektera rundt språket si form, innhald og bruk.
 - Lytta til andre og kunna fortelja sjølv.
- Dette er det særst viktig å leggja til rette for i førskulealder.

Å kunna koda om

Å "knekkja" den alfabetiske koden vil seia å skjønna samanhengen mellom bokstavsymbol og språklyd. Elevane må også "knekkja" sjølve lesekode, og det vil seia å læra ulike måtar å lesa bokstavmønster på, slik at det skjer ordgjenkjenning. Etter kvart som elevane blir eldre og betre lesarar, handlar det "å koda om" også om å lesa og forstå ulike sjangrar og å tilpassa lesemane etter sjanger.

Å lesa med forståing og nytta denne kunnskapen i eiga læring

Som tidlegare nemnt er føremålet med å lesa at ein skal forstå slik at dei skal kunna nytta kunnskapen dei får gjennom lesinga. Dei må læra å lesa kritisk og strategisk slik at dei raskt kan vurdere korleis dei kan bruka teksten dei les. Å lesa strategisk er å bruka bevisste framgangsmåtar for å oppnå betre læring. Ein læringsstrategi handlar om ein bestemt måte/metode å arbeida med ein tekst på. Det kan vera kjende strategiar eller det kan vera eleven sin eigen måte å arbeida med teksten på. Ved bruk av læringsstrategiar skal ein betre forstå teksten ein les. Ein må planleggja og klargjera seg for lesing, arbeida med, strukturera og omforma teksten og kontrollere og reflektera over eiga forståing. Altså vurdere eiga lesing.



Førebuande leseopplæring i barnehagen

På grunnlag av ny forskning på dette området i barnehagesektoren, ser ein at det er fire aktivitetar som i særleg grad fremmar barna si språkutvikling. Aktivitetane er like viktige enten barna har eit eller fleire språk, og om dei har kome kort eller langt i den språklege utviklinga. Det dreier seg om å la barna få delta aktivt i :

- Musiske aktivitetar
- Den gode samtalen
- Forteljing og høgtlesing
- Allsidig leik



Musiske aktivitetar

Dei musiske grunnelementa er rytme, bevegelse og lyd. Språkutviklinga startar med det musiske uttrykk. Dette er eldgammal kunnskap som er nedfelt i den voksne tradisjonskulturen for barn i form av rim, regler, song og ofte med bevegelse til. Når barnet sit på fanget til ein vaksen det har gode relasjonar til, vil fingerregler, ride ranke, klappesongar osv. stimulere barnet på alle område: emosjonelt, motorisk, sosialt, estetisk og kognitivt.

Songar og dikt gir barna glede og opplevingar av eit innhald. Dei lydlege (auditive) kvalitetane, som enderim, bokstavrim, klang, rytme, gjentakning og leik med ord, er viktige element i språket. Dette inspirerer til barna sin eigen

leik med språket. Når barn tullar og tøyser med sjølve språket, blir vegen kort til å kunne snakke om språket, altså utvikla metaspråkleg bevisstheit. Det er ein viktig føresetnad for at barnet skal tileigna seg skriftspråket.

Den gode samtalen

Den gode samtalen handlar om relasjonar, skal føregå i eit trygt miljø og må ha eit emne som engasjerer samtalepartnaren. Det krev at den vaksne har god innsikt om språkbruk og om sin eigen rolle i samtalen. Her er det og viktig å bli merksame på kva slag spørsmål me stiller barna. Eit godt spørsmål til eit barn som er kome kort i si språkutvikling, er ikkje nødvendigvis eit godt spørsmål til barn som er kome lenger i utviklinga. Barn som har lite verbalt språk, treng spørsmål som gjer at dei kan delta i samtalen med det språket dei allereie har. Derfor må den vaksne stilla spørsmål som dei veit barna kan svaret på.

Spørsmål som oppfordrar til undring og fabulering er gode spørsmål til barn som er kome lengre i si språkutvikling. Den vaksne stiller reelle spørsmål og må unngå kontrollspørsmål i samtale med barn. Eit spørsmål er reelt når me spør for å få vita noko me ikkje allereie veit frå før. Kontrollspørsmål fremmar ikkje språkutviklinga. Barn forstår godt når dei svarer feil, dei får ei negativ kjensle, sjølv om den vaksne seier det ikkje gjer noko. Skal ein samtale vera språkstimulerande, må det lønna seg kjenslemessig for barnet å snakka.

Forteljing og høgtlesing

Det å fortelja og lesa for barn, fører dei inn i tekstkulturen og fremmar språkutviklinga. Er innhaldet fengande, strekker barna seg etter å forstå setningsoppbygginga og dei får eit rikare ordforråd enn det dei møter i daglegtalet. Dei får erfarar korleis tekst er bygd opp, noko som er avgjerande når dei seinare skal fortelja og skriva tekstar sjølv.

For fleispråkelege barn som ikkje har norskspråkleg kompetanse, er det særleg viktig at dei får møta tekst på sitt eige morsmål før dei møter norsk

tekst. Det hjelper og godt på forståinga og interessa om den vaksne konkretiser forteljinga med små figurar, flanellograf eller liknande.

Allsidig leik

Ulike typar leik fremmar ulike sider ved språkutviklinga. Dei yngste barna leikar saman ved å springa, hoppa, kasta seg ned på madrassar, bukter og bøye seg. Dei kommuniserer med kvarandre i leiken gjennom kroppsspråklege uttrykk som blick, mimikk, herming, lyd og latter. Dei lærer å vera merksame på og forstå kroppsspråket til andre menneske. Dette er viktig i all munnleg kommunikasjon gjennom heile livet.

Når barn leikar, seier dei ofte høgt kva dei gjer eller skal gjera. Dei språkfestar det dei gjer, samtidig som dei planlegg og styrer sine eigne handlingar. Vygotskij seier at egosentrisk tale er ei viktig side ved barna si kognitive utvikling. I skulealderen går denne ytre talen over til å bli ein indre tale eller verbal tenking.

God begrepsutvikling er avhengig av at barna får gjera flest mulig første-handserfaringar. Dei gir direkte sanseerfaring med tinga. I konstruksjonsleik tek barna i bruk ulike materialer, byggeklossar, garn, filt, sand, pinnar osv. Gjennom leiken gir dette viktige førehandserfaring med grunnleggjande begrep som form, farge, storleik, tal, vekt og kvalitet, hard, seig, ru, glatt osv. Materialet gir barna grunnlag for å klassifisera og sortera etter bestemte eigenskapar, og dei erfarer likskap og forskjellar. Dette er m.a. eit viktig grunnlag for seinare matematikk-opplæring.



Regelleik er leik der ein må følgja bestemte reglar. Det er viktig for den sosiale utviklinga at barna klarer å innordna seg reglar når det gjeld slik leik. Din tur – min tur. Dei vaksne lærer barna reglane og dei får språkelege ytringar som trengs på førehand, slik at dei kan delta på lik fot med dei andre.

I rolleleiken diktar barna, i eit fellesskap, opp ei fantasiverd som dei går inn i. Rolleleiken har faste språkkodar eller leikesignal. Barna kommuniserer med kvarandre; "..... du var liksom løva og eg var liksom løveungen. Me budde....." I rolleleiken må barna danna seg indre bilete av det dei leikar. Slik fremmar rolleleiken begrepsutviklinga. Dei må tilpassa seg kvarandre sine replikkar og setja ord på det som er nødvendig for at den andre skal forstå.

For å støtta barna si språkutvikling, treng dei rikeleg med opplevingar frå dei vaksne sine arbeidsoppgåver, arbeidsplassar og kultur.

16

Ressursar i leseopplæringa

Finnøy kommune har nå valt å utarbeida ein felles plan for leseopplæringa, for å understreka at dette er eit felles mål for heile kommunen. Oppfølginga av planen må skje gjennom eit samarbeid mellom alle involverte aktørar, både dei som direkte tek del i leseopplæringa og dei som meir indirekte tek del ved at dei legg til rette for og rettleier denne opplæringa.

Dei tilsette i skulen og barnehagen

Pedagogane/lærarane er den viktigaste ressursen i lese- og skriveførebuaende aktivitetar og sjøve skrive- og leseopplæringa. Kommunen må syta for at barnehagen og skulen har den kompetansen det er behov for, og at denne kompetansen vert oppdatert. Det er viktig at dei er oppdatert på ny forskning, og nye metodar.

I tillegg er det viktig at dei andre vaksne i barnehagen og skulen blir involvert i planen sine intensjonar, og får rettleiing og oppmuntring til å vera gode og inspirerande lesarar for barna, og på den måten er med på å styrka leseopplæringa i barnehagen/skulen

Helsestasjonen og skulehelsetenesta

Den første faginstansen foreldra og barnet møter i forhold til språkstimulering og begynnande språkopplæring er helsestasjonen. Helsesøster er ein viktig samarbeidspartnar for foreldre og barnehage/skule dei første åra til barnet.

17

Biblioteket som ressurs

I språk- og leseopplæringa er biblioteket ein viktig ressurs for barnehagane og skulane, både direkte inn mot barna og kanskje mest elevane når det gjeld boklån. Biblioteket er også ein viktig ressurs inn mot pedagogane i forhold til å finna fram og rettleia om bøker inn mot spesielle tema og prosjekt.

Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)

Nokre barn har behov for meir grundig testing/utgreiing enn det ein ved barnehagen eller skulen har kompetanse til å gjennomføra. Då tek ein kontakt med PPT som i tillegg til utgreiing gir råd og rettleiing til barnehagen/skulen og føresette om tiltak som kan hjelpa barnet/eleven vidare i læring og utvikling. Tilvising av barn til PPT frå barnehage eller skule skal skje i samarbeid med dei føresette.

PPT kan også vera ein ressurs direkte inn mot barnehagen/skulen i høve fagleg rettleiing på området førebunde leseopplæring i barnehagen og leseopplæring i skulen.

Foreldra som ressurs i leseopplæringa

Foreldra er også ein ressurs i leseopplæringa til barnet. Det er då viktig at barnehagen /skulen er bevisste på å gi informasjon om kva som på ein god måte stimulerer språk- og leseutviklinga. Ein må vera konkrete på kva foreldra kan delta med og kva barnehagen/skulen forventar. Jamleg informasjon om utviklinga til barnet er viktig. Ein må sjølvstøtt ta omsyn til at foreldra har ulike føresetnader.

Foreldra kan ofte vera dei første som oppdagar om barnet deira har vanskar med munnleg språk/ formuleringssevne eller lesing/leseforståing. Foreldra si oppleving av barnet si språk/leseutvikling må bli gitt rom for i foreldresamtalar og bli tatt på alvor. Språk- og lesevanskar kan vera arveleg. Det kan òg vera at foreldre har vanskar med å ta inn over seg at barnet deira slit og treng hjelp. Her må ein gå varleg fram, men ikkje unngå å peika på det ein som fagperson i barnehagen eller skulen ser.



Helsestasjonen og skulehelsetenesta som ressurs i språkstimulering og leseopplæringa

Helsestasjonen og skulehelsetenesta har som formål å fremma psykisk og fysisk helse, fremma gode sosiale og miljømessige forhold og førebyggja sjukdom og skade.

Ved språkstimulering og i leseopplæringa har me som mål å:

- Etablere god kontakt med familien og byggja opp under foreldrekompetanse.
- Bidra til å formidla kunnskap om kva faktorar som er viktige for å fremja god språkstimulering og dermed til å leggja grunnlaget for ei god leseutvikling.
- Bidra til å avdekkja eventuelle skader, sjukdom eller andre tilhøve som kan hindra barnet i å få ei god leseutvikling.

Dette gjer me ved å ha personale som:

- Kan formidla råd og rettleiing
- Føreta helsekonsultasjonar etter rettleiar frå Helsedirektoratet og følgje opp med ekstra konsultasjon dersom det er tvil om barnet si språkutvikling, syn eller hørsel.

- I samråd med heimen kan melda frå til eventuell barnehage eller skule om behov for tiltak eller vidare utgreiing.
- Kan visa barnet vidare til andre instansar eller samarbeidspartnarar dersom det er tvil om barnet si utvikling.

Innhald:

0-1 år

Ved mottak av fødselsmelding blir det kontrollert at hørselstest er utført på sjukehuset. Det er ti konsultasjonar på helsestasjonen det første leveåret. På desse er det jamleg observasjon av barnet sitt syn, hørsel og språkutvikling. Foreldrerettleggingsprogrammet "Saman foreldre og barn" med fokus på samspel og dialog blir nytta. Informasjonsark "Kan barnet ditt høyra?" og "Språkstimulering for de minste" blir delt ut. Helsesøster er tilstades på alle konsultasjonane, helsestasjonslege på tre.

1-2 år:

Det blir observert og gjort rettleiing om psykososial utvikling, motorikk og inntrykk av om barnet ser og høyrer normalt. "Språkstimulering for barn 1-2 år" blir delt ut. Konsultasjonane blir gjort av helsesøster.

2 år:

Ved 2-års konsultasjonen blir SATS nytta som verktøy. **Screening Av Toåringars Språk** fokuserer primært på barnet si språkforståing, og ikkje talespråket. Samspel og merksemda til barnet blir også vurdert. Språkobservasjonen skal gje grunnlag for ei fagleg vurdering av om barnet er i ei normal språkutvikling, eller om det er behov for ei ny vurdering eller særlege undersøkingar. SATS er anbefalt brukt i den nasjonale faglege rettleiaren frå Helsedirektoratet.

Motorikk, generell utvikling og kontaktevne blir også vurdert. "Språkstimulering for barn 2-3 år" blir delt ut. Ved denne konsultasjonen er både helsesøster og helsestasjonslege med.

3 år:

Det er konsultasjon ved 3-års alder for barn som er født for tidleg. Ein har då fokus på syn, hørsel, språk med ord og ordkombinasjonar. Det er og fokus på fysisk og psykososial utvikling. "Språkstimulering for barn 3-4 år" blir delt ut. Ved denne konsultasjonen er både helsesøster og helsestasjonslege med.



4 år:

Ved 4-års konsultasjonen blir motorikk, utvikling og kontaktevne vurdert. "Språk 4" blir nytta til kartlegging av språk. Dette er ein systematisk observasjon som avdekkjer vesentlege trekk ved fireåringen si språklege evne og gir grunnlag for ei fagleg vurdering av barnet si språkutvikling. "Språk 1-4" er anbefalt brukt i den nasjonale faglege rettleiaren frå Helsedirektoratet. Det blir gjort synsundersøking på synstavle tilpassa aldersgruppa.

Konsultasjonen blir gjort i samarbeid mellom helsesøster og fysioterapeut. Det blir delt ut informasjon om utvikling av syn.

5 år / førskule:

Det blir lagt vekt på samspel, aktivitet og utvikling. Det blir gjort hørselstest. Konsultasjonen blir utført av helsesøster og helsestasjonslege.

I skulen gjer skulehelsetenesta målretta undersøkingar på bakgrunn av melde eller observerte behov. Dette kan vera til dømes syn eller hørselsundersøkingar.

Biblioteket som ressurs i leseopplæringa

Ryfylkebiblioteket Finnøy har "Litt for alle".

Bokkassar

Det er mogleg for alle å bestilla bokkassar. Bokkassane lagar me til etter ønskje frå bestillaren. Det kan vera etter tema (norske dyr, nynorsk for trinn, osv) eller bare bøker som passar for målgruppa.

Depot

Biblioteket kan bestilla framandspråklege depot. Då får me aktuelle språk og titlar, tilpassa den aktuelle gruppa. Både barn og voksne nyttar dette tilbudet.

Ulike typar aktivitetar

Biblioteket skal vera ein arena der det er ulike tilbod innan formidling og kulturell aktivitet. Samarbeid mot barnehagane og skulane er sjølvsagt, men varierende. Enkelte aktivitetar prøver me å få til jamleg.

Litt om det som står på prioriteringslista vår:

Framsyningar tilpassa ulike aldersgrupper. Dei vert av og til plasserte ut i andre arenaer enn på sjølve biblioteket, alt etter kva framsyninga treng, og kor mange publikum er.

4. klasse: Besøk der dei får lånekort, og det er orientering om biblioteket.

6.klasse: "Store les for små"-kurs i forteljarteknikk og tips om litteratur til bruk for dei små, og for dei sjølv.

8.klasse: Dei som ikkje har fått lånekort, får det, og det vert orientert om biblioteket om det er ynskjeleg. Alle er velkomne til å nytta biblioteket! Dei som kjem fast pleier å fordela opningstida mellom seg, slik at ikkje alle kjem på ein gong. Passar det ikkje å koma i opningstida, kan ein avtala besøk utanom.

Møter for alle skulebibliotekarane

Ryfylkebiblioteket Finnøy har ansvaret for å kalla inn til årlege møter. Dette skal vera eit forum for drøfting av faglege spørsmål og utveksling av erfaring skulebibliotekarane imellom. Alle skulane får tildelt kulturfondbøker til eigne boksamlingar.

Skulane er knytte til Ryfylkebiblioteket Finnøy sin bibliotekatalog.



Minoritetsspråk i skule og barnehage

Minoritetsspråklege barn i barnehagen

Begrepsstimulering og språkleg bevisstgjerung er spesielt viktig for barn frå språklege minoritetar. Å læra språk tar tid, og barna har ulike måtar å nærma seg eit nytt språk på. Det er viktig å oppmuntra barna til å vera språkleg aktive, men ha forståing for at nokre barn treng lenger tid før dei tar til med å praktisera det nye språket sitt.

Personalet må møta barna der dei er spåkleg sett, og knytta språket opp mot daglegdagse erfaringar som byggjer opp begrepsforståing og ordforråd på norsk. Eit rikt språk er viktig for å kommunisera med andre barn og voksne, og det styrkar den sosiale kompetansen. Høgtlesing er noko av det viktigaste ein kan gjera som språkstimulerande tiltak for barn, og her må barnehagen bruka bilder og konkretiseringsmaterieil for å støtta under ord og begrep. Eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggjande føresetnad for vidare språkleg utvikling, også når det gjeld skriftspråk og leseforståing. Her må ein nytta foreldra som ein ressurs, og oppmuntra dei til å samtala med barna på morsmålet om aktivitetar ein har hatt i barnehagen og bøker ein har lese. Dette vil fremma språkutviklinga både på morsmålet og norsk. Det er derfor viktig at desse foreldra får informasjon om barnehagen sitt arbeid og aktivitetar gjennom bilder og konkretar.

Minoritetsspråklege elevar i skulen

Behovet for spesielt tilrettelagt opplegg for elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn varierer mykje.

Opplæringslova § 2-8 seier: *Elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg ferdigheit i norsk til å følgja den vanlege opplæringa i skulen. Om nødvendig har slike elevar også rett til morsmålsopplæring.*

På same måte som i barnehagen er det også i skulen viktig å ta utgangspunkt i kor eleven er språkleg sett når han kjem til skulen, samt å vera bevisst på kor foreldra står i forhold til norsk språk.



Førebuande leseopplæring i barnehagen

Mål :

- Barnehagen skal gi barna ulike erfaringar og opplevingar som stimulerer til eit aktivt språkbruk i alle situasjonar.
- Barnehagen skal gi barna reiskap som er nødvendig i leseopplæringa

Tema	Innhald i barnehagen som skal fremja målet
Høgtlesing	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehagen skal ha bøker som er tilrettelagt barna sin alder og ståstad. Bøkene skal stå i barna si høgd, slik at barna får tak i dei. • Det skal vera bøker i ulike sjangrar, aviser, plakatar, data. • Lesinga skal vera både planlagt og spontan. • Den voksne må lesa med engasjement og innleving, for å engasjera barna. • Det skal skapast rom for gode samtalar om innhaldet i boka. • Det skal leggjast til rette for gjenforteljing. • IKT skal nyttas i ulike samanhengar. • Bruk konkretar. • Den voksne skal lesa dialektisk.
Musiske aktivitetar Rytme, bevegelse, lyd og formingsaktivitetar	<ul style="list-style-type: none"> • Barna skal få ulike og varierte opplevingar av song, rim, regler, dikt og drama. • Barna skal få høve til å bruka seg sjølv og konkretar i dramatiseringa. Dramatiseringa kan vera ut frå bøker, songar, eventyr og forteljingar som dei har dikta sjølv.

Tema	Innhald i barnehagen som skal fremja målet
	<ul style="list-style-type: none"> • Den voksne er aktiv i dramatiseringa saman med barna. • Barna skal få uttrykka seg gjennom ulike formingsaktivitetar.. • Barna skal få erfaring med dagleg bruk av språket, t.d. handleliste, oppskrifter, leikeskriving og liknande. • Barna skal ha tilgang på bokstavar og ordbilde.
Den gode samtalen	<ul style="list-style-type: none"> • Voksne skal sjølv vera aktive forteljarar, og vera med å inspirera barna til å fortelja. • Den voksne skal vera med å gi barna nye ord og begrep. • Dei voksne lærer barn sosiale og språklege omgangformer. • Gje voksenstøtte, ver ein tydeleg og klar voksen, set ord på det de gjer og kva som skjer. • Ver i interaksjon med barnet over litt tid, ikkje berre i korte, tilfeldige augneblinkar. • Voksne må vera gode lyttarar og leva seg inn i den verda barnet skildrar. • "Å leika med språket", vil stimulera barna si interesse og forståing for korleis språket er bygd opp. • Dei voksne skal bruka eit barnetilpassa språk.
Leik. Utvikling av kommunikativ kompetanse.	<ul style="list-style-type: none"> • Den voksne skal sjå til at alle barna får vera med i leiken. • Delta i leiken for å sikra at alle barn får høve til å vera med. Ver obs på barn som alltid er hund eller baby o.l. • Den voksne skal leggja forholda til rette for rolleleik slik at barnet får høve til å bruka sitt eige initiativ og trong til utforsking og eksperimentering. • Dei voksne skal tilføre nye element i leiken. • Dei voksne skal presentera regelleik saman med barna

Leseplan 1. trinn

Emne	Innhald
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring • Læraren presenterer mange ulike bøker, skaper forventning til innhaldet og viser leseglede • Klassebibliotek der elevane kan låna og lesa bøker. • Høgtlesing og samtale om tekstar kvar dag. • Systematisk læring av nye ord og omgrep. • Etterkvart bruka småbøker for repetert lesing kvar veke • NB! På foreldremøta skal det informerast om lesing og forventningar til foreldre. Foreldre må få god rettleiing om lesing og leseutvikling.
Å utvikla språkleg ferdigheit	<ul style="list-style-type: none"> • Språkleikar som omfattar rim, rytme, språklydar, ord og meiningsberande element. • Elevane øver seg på å fortelja og forklara med samanheng for å styrka det munnlege språket. • Førebu og samtale om tekstar som elevane les på skulen og heime. • Elevane skal ha leselekse kvar dag. Læraren høyrer og rettleier i lesing regelmessig, minst 2 gonger i veka. Foreldra gjer dette heime kvar dag. • Bruka tekstskaping saman og enkeltvis

Emne	Innhald
Å kunne koda om	<ul style="list-style-type: none"> • I bokstavinnlæringa vel kvar skule rekkefølge og progresjon, avhengig av elevgruppe. • Det skal leggjast vekt på syntetisk og analytisk metode i leseopplæringa, men også trenast på heilordslesing. • Forstå samanhengen mellom bokstav og språklyd (grafem/ fonem). • Arbeida mot automatisering av bokstavkunnskap. • Gjera elevane kjend med kjenneteikn på eventyr, rim og regler.
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving	<ul style="list-style-type: none"> • Nyttja bildenotat og tankekart som læringsstrategi. • Nyttja leseprogram på nettet med øving i leseforståing. • Samtala om innhaldet i tekstane ein har lese. • Svare på spørsmål frå fortalt/lest tekst.
Leseutvikling	Lærar brukar SOL-observasjonane kontinuerleg gjennom skuleåret, med minst ei «soling» kvart semester.

Leseplan 2. trinn

Emne	Innhald
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring. • Læraren presenterer mange ulike bøker, skaper forventning til innhaldet og viser leseglede. • Klassebibliotek med småbøker der elevane kan låna og lesa bøker. • Høgtlesing og samtale om tekstar kvar dag. • Vår-semester: Lesekvart (15 min) 1-2 g i veka til stillelesing. . • Minst 1 gong pr. semester skal elevane presentera ei bok for klassen. • NB! På foreldremøta skal det informerast om lesing og forventningar til foreldre. Foreldre må få god rettleiing om lesing og leseutvikling. • Anna: Forfattarbesøk, "lesegjest", leseprosjekt i avgrensa periode.
Å utvikla språkleg ferdigheit	<ul style="list-style-type: none"> • Språkleikar som omfattar rim, rytme, språklydar, ord og meiningsberande element. • Lesa felles tekstar i gruppe, og samtale om innhaldet. Øva på korlesing, rekkjelesing, læra nye ord og omgrep. • Elevane øver seg på å fortelja og forklara med samanheng for å styrka det munnlege språket. Bli bevisst på stemmebruk og intonasjon • Leselekse kvar dag. Lærar høyrer og rettleiar elevane i lesing regelmessig, minst 2 gonger pr. veke. • Systematisk bruk av tekstskaoping, ut frå felles-opplevingar, skjønnlitteratur, faktatekst, dikt, etc.

Emne	Innhald
Å kunna koda om	<ul style="list-style-type: none"> • Leseopplæringa skal framleis byggja på ulike metodar. Ein må vektleggje syntetisk og analytisk metode. • Arbeida med stavingar, diftongar, ord med ulike konsonantforbindelsar og samansette ord. • Bruka repetert lesing for å fremja effektiv avkoding og leseflyt. • Fokus på høgfrekvente ord for å styrka ordgjenkjenning/ordskriving. • Gjera elevane kjende med teiknsetjing for å markera pause, spørsmål, utrop. • Gjera elevane kjende med kjenneteikn på eventyr, rim og regler, dikt og forteljingar.
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skrivning	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å bruka tankekart og to-kolonnenotat som læringsstrategi. • Nyttja leseprogram på nettet med øving i leseforståing. • Samtala om innhaldet i tekstar (før, under og etter lesing) • Arbeida med ulike sjangrar i tekstskaoping. • Bruka metodar som utviklar leseforståinga, f.eks. gjenforteljing, svara på spørsmål, laga spørsmål til ein tekst.
Leseutvikling	Lærar brukar SOL-observasjonane kontinuerleg gjennom skuleåret, med minst ei grundig «soling»/ registrering kvart semester.

Leseplan 3. trinn

Emne	Innhald
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring. • Læraren presenterer mange ulike bøker, skaper forventning til innhaldet og viser leseglede. • Elevane skal alltid ha tilgang til ulike typar litteratur, skjønnlitteratur, faktabøker, småbøker osv. • Høgtlesing og samtale om tekstar kvar dag. • Stillelesing 1-3 gonger i veka. • Elevane låner regelmessig bøker heim frå skulebiblioteket • Utstyr til lesing og skriving er lett tilgjengeleg • Lesestimuleringsprosjekt 1-2 gonger i året • NB! På foreldremøta skal det informerast om lesing og forventningar til foreldre. Foreldre må få god rettleiing om lesing og leseutvikling.
Å utvikla språkleg ferdigheit.	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk læring av nye ord og omgrep. Diktat med øve-ord ein gong i veka • Arbeida med språket si form (ulike sjangre, tekstoppbygging) • Leselekser kvar dag. Lærar høyrer og rettleier elevane i lesing, minst 2 gonger i veka. • Samtala om innhald i tekstar elevane les (før, under og etter). • Utvikla elevane sin munnlege forteljarkompetanse ved å la elevane gjenfortelja og forklara frå noko dei har lese eller opplevd • Systematisk bruk av tekstskaping, for hand og på data.

Emne	Innhald
Å kunna koda om	<ul style="list-style-type: none"> • Leseopplæringa skal framleis byggja på ulike metodar, ein må vektleggja syntetisk og analytisk metode. • Arbeida med lesing av samansette grafem, diftongar og stavingslesing. • Gjera elevane kjend med enkel teiknsetting. • Arbeida med effektiv avkodning, leseflyt og leseforståing. F.eks repetert lesing. • Arbeida med kjenneteikn på ulike sjangrar.
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å bruka nøkkelord, FOSS og Bison som læringsstrategiar. • Bruka metodar som utviklar leseforståinga, f.eks. gjenfortelling, svara på spørsmål, laga spørsmål til ein tekst. • Nyttå ulike tekstar på nettet til oppgåver, lesing og eigen tekstskrivning. • Samtala om innhaldet i tekstar elevane les (før, under og etterlesing) og finna sjangertypiske trekk. • Elevane får uttrykkja leseopplevingane sine med skriving, teikning, samtale.
Leseutvikling	Lærar brukar SOL-observasjonane kontinuerleg gjennom skuleåret, med minst ei grundig «soling»/ registrering kvart semester.

Leseplan 4. trinn

Emne	Innhald
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk leseopplæring. • Læraren presenterer mange ulike bøker, skaper forventning til innhaldet og viser leseglede. • Elevane skal alltid ha tilgang til ulike typar litteratur, (skjønnlitteratur, faktabøker, småbøker) tilpassa deira nivå. • Høgtlesing og samtale om tekstar kvar dag. • Stillelesing minimum 2 gonger i veka, t.d. lesekvart. • Elevane låner regelmessig bøker heim frå skulebiblioteket • Utstyr til lesing og skrivning er lett tilgjengeleg i klasserommet. • Lesestimuleringsprosjekt 1-2 gonger i året. • NB! På foreldremøta skal det informerast om lesing og forventningar til foreldre. Foreldre må få god rettleiing om lesing og leseutvikling.
Å utvikla språkleg ferdigheit.	<ul style="list-style-type: none"> • Systematisk læring av nye ord og omgrep. • Samtala om innhald i tekstane elevane har lese og korleis ein nyttar ulike lesemåtar til ulike type tekstar. • Elevane trenar på å fortelja og forklara med samanheng. • Diktat med øveord ein gong i veka. • Elevane har leselekser kvar dag og lærar høyrer og rettleier eleven i lesing regelmessig. Ros og synleggjering av utviklinga er viktig! • Systematisk bruk av tekstskaing i ulike sjangrar, for hand og på data

Emne	Innhald
Å kunna koda om	<ul style="list-style-type: none"> • Elevane må få lesa tekster som vekker interesse og har passe vanskegrad . • Elevane får trening i teiknsetting, og kva for informasjon den gir oss om korleis vi skal bruke stemma når vi les. • Arbeida med effektiv avkoding, leseflyt og leseforståing, t.d. repetert lesing, parlesing og lærarassistert høgtlesing • Arbeide med sjangerkjenneteikn på ulike tekstar.
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skrivning	<ul style="list-style-type: none"> • Læra å bruka fleirkolonnenotat og VØSL-skjema som læringsstrategiar • Systematisk bruka oppgåver som utviklar leseforståinga. • Systematisk bruk av tekstskaing i ulike sjangrar. • Elevane framfører tekstar dei har laga sjølv. • Samtala om tekstar elevane har lese. • Nyttar ulike tekstar på nettet til oppgåver, lesing og eigen tekstskaing.
Leseutvikling	Lærar brukar SOL-observasjonane kontinuerleg gjennom skuleåret, med minst ei grundig «soling»/ registrering kvart semester.

Leseplan for 5.-7. trinn

Emne	Innhald
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<p>Tilgang til litteratur</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulebiblioteket skal ha ny aktuell litteratur som er tilpassa ulike elevgrupper. • Samarbeid med Finnøy Folkebibliotek om lån av bokkassar. • Elevane skal årleg besøkja eller ha besøk frå Finnøy Folkebibliotek eller andre bibliotek. • Tilgang til ulike typar litteratur på klasserommet, td. aviser, tidsskrift/magasin, teikneseriar. <p>Individuell lesing</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane skal lesa sjølvvald litteratur kvar veke, det kan vera skjønnlitterære bøker, fagbøker, aviser, nettsider og anna aktuell litteratur. • Elevane skal ha dagleg leselekse, til vanleg 20 min. Noko av leseleksa kan godt vera i andre fag enn norsk. • Vanlegvis ei variert leselekse, bruka ulike læringsstrategiar, t.d. spørsmål, logg og ordforklaring. • I skuletida skal elevane lesa minimum 60 min. pr.veke. Til dømes lesekvart 4 dagar i veka, dette kan foregå i alle fag.

	<p>Høgtlesing</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei voksne les minimum 45 minutt frå ei bok kvar veke. Det kan også brukast lydbok eller lydfil. • Alle elevane skal lesa høgt for barn eller voksne kvar veke. <p>Litteraturformidling</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det skal presenterast minimum 10 bøker i løpet av eit år på kvart steg. • Besøk av eksterne litteraturformidlarar kvart år, bibliotekar, «lesegedar», lesegjest, forfattar. • Elevane skal presentera minimum ei bok i året til dei andre i klassen. <p>Leseprosjekt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvar klasse skal ha årleg leseprosjekt. <p>Foreldra si rolle</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lesing skal vera tema på foreldremøte og på alle elev- og foreldresamtalar. Foreldra skal få informasjon og rettleiing om korleis dei kan vera rollemodellar og korleis dei kan påverka og hjelpa barna til å bli gode lesarar. • Dei føresette skal oppmodast til å høyra eleven lesa høgt frå leseleksa og samtala om det dei les, fleire gonger i veka.
--	--

Emne	Innhald
Å utvikla språkleg ferdigheit	<p>Munnlege aktivitetar</p> <ul style="list-style-type: none"> Lærer og elev skal jamleg samtala om innhaldet i tekstane som elevane les. Elevane skal ha framføringar, t.d. presentasjonar minimum to gonger i året. Elevane skal trenast i å gje munnlege tilbakemeldingar til medelevane sine presentasjonar. Elevane sine tekstar skal jamleg formidlast høgt. <p>Arbeid med ord:</p> <ul style="list-style-type: none"> Gjennom ulike læringsstrategiar skal nye ord og omgrep arbeidast med for å forstå dei, høgfrekvente ord arbeidast med for å lese dei rett, ikkje-lydrette ord arbeidast med for å skriva dei rett. Dette gjeld alle fag. Elevane og lærarane skal bruka dei nye orda i ulike samanhengar, til dømes diktat eller vekeprøvar. Elevane skal meistra å lesa ord etter morfem og stavingar. Elevane skal meistra å lesa på ordnivå, både lydrette og ikkje-lydrette ord og samansette ord. Elevane skal læra dei 500 mest høgfrekvente orda, jf. SOL ordlistene.
Å kunna koda om	<p>Sjanger:</p> <ul style="list-style-type: none"> Gje auka kunnskap om sjangerkjenneteikna i samband med ulike tekstar. <p>Les med flyt og intonasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> Elevane skal kvar veke erfara modellesing av lærar, medelev eller ved hjelp av lydbøker. Elevane skal jamleg øva på teiknsetjing for å kunna lesa tekstar med naturleg flyt. <p>Vurdering:</p> <ul style="list-style-type: none"> Kartleggja elevane gjennom observasjon og kartleggingsmateriell.

Emne	Innhald
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skriving	<ul style="list-style-type: none"> Elevane må få daglege drypp med refleksjon over og nærlesing av dei ulike tekstane på vekeplanen, evt. andre tekstar. Elevane må få innføring i ulike lesestrategiar og korleis dei kan bruka desse både før, under og etter lesinga. I frå 7. klasse bør det forventast at dei kan arbeida med desse strategiane på eiga hand. Skulen skal ha oversyn over ulike læringsstrategiar på ulike trinn, slik at elevane etter 7. klasse skal ha vore gjennom tankekart/styrkenotat, nøkkelord, tokolonnenotat og å stilla spørsmål til teksten. Elevane skal jamleg arbeida med oppgåver i leseforståing, t.d. ved hjelp av ulike leseforståingshefte. Elevane trener ofte på å skriva korte tekstar der dei får rask tilbakemelding. Alle faglærarane skal vera involverte i og ha kunnskap om dei ulike lesestrategiane, slik at dei kan nytta dei i sine fag. Det må vera ein kontinuerleg variasjon i bruken av desse lesestrategiane. Observasjonane skal nyttast i det vidare arbeidet med den einskilde eleven og til å hjelpa dei elevane som treng ekstra oppfølging når det gjeld leseforståing.
Leseutvikling	Lærer brukar SOL-observasjonane kontinuerleg gjennom skuleåret, med minst ei grundig «soling»/ registrering kvart semester.

Leseplan for 8.-10. trinn

Emne	Innhald
Å skapa engasjement og ambisjonar for lesing	<p>Litteraturpresentasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ungdomsskulen har årleg litteraturveke. • Ungdomsskulen samarbeider med folkebiblioteket. • Klassane besøker biblioteket og gjer seg kjent med kva tilbod biblioteket har. • Ungdomsskulen har årleg besøk av forfattar eller annan litteraturformidlar. <p>Frilesing</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane får lesa sjølvvald litteratur 45 minutt per veke. • Elevane får lesa popularisert faglitteratur ein gong per veke. <p>Rettleia lesing</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane les ein felles roman på kvart trinn i ungdomsskulen. • Elevane les eit breitt utval av både saksprega, skjønnlitterære og digitale tekstar.
Å utvikla språkleg ferdigheit.	<p>Munnlege ferdigheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lærar bruker metodar som stimulerer til samtale, diskusjon og refleksjon. • Elevane trener ofte på å presentera og diskutera fagstoff. • Munnlege fag har minst ein munnleg vurderingssituasjon pr. semester. <p>Skriftlege ferdigheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Elevane trenar ofte på å skriva korte tekstar, både skjønnlitterære og sakprega. Elevane får tilbakemelding på desse. • Elevane har minst fire skriftlege vurderingssituasjonar pr. semester.

Emne	Innhald
Å kunna koda om	<ul style="list-style-type: none"> • Lærar sikrar at eleven forstår og kan bruka orda i tekstane dei les. • Elevane lærer strategiar for korleis dei sjølv kan arbeida med nye og vanskelege ord. • Lærar underviser om sjanger og tekststruktur i saksprega, skjønnlitterære og samansette tekstar. • Elevane lærer digitale kodar, nettvett og nettetikette. • Elevane trener på å meistra ortografi, teiknsetjing, variert ordforråd og setningsbygging i alt dei skriv.
Å lesa med forståing og bruka denne kunnskapen i eiga lesing og skrivning	<ul style="list-style-type: none"> • Lærar underviser elevane i eit breitt utval av lesestrategiar og stimulerer elevane til å vera aktive før, under og etter lesing. • Sjekklister som minner lærar og elevar på kva dei kan gjere for å vera aktive før, under og etter lesing, bør lagast i plakatform og hengast opp godt synleg i kvart klasserom. • Elevane trener på å bruka varierte og føremålstenlege lesestrategiar i dei ulike lesefasane. <p>Lærar observerer lesinga til kvar elev systematisk ein gong pr. semester (SOL). Alle faglærarar pliktar å gjere seg kjent med korleis kvar elev ligg an i leseutviklinga.</p>

LÆRINGSSTRATEGIAR

Læringsstrategiar er framgangsmåtar elevane brukar for å organisera si eiga læring. Gode læringsstrategiar fremmar motivasjonen for læring og evna til å løyse vanskelege oppgåver (Udir.)

Lærarane må i dei ulike faga modellera den eller dei læringsstrategiane som passar best til det aktuelle faget eller tema. Dei må hjelpa elevane til å forstå korleis dei kan setja eigne mål for læringa. Elevane kan på denne måten bli meir bevisst på korleis læring og forståing skjer.

På neste side er ein figur som viser progresjonen for innlæringa av dei ulike læringsstrategiane.

			8.-10. trinn ↓
		5.-7. trinn ↓	Kapitteloversikt og leseteknikk Les og sei noko Resyme/overskrifter Bevisstgjøring rundt bruk og val av strategiar
	3. og 4. trinn ↓	Samandrag Læresamtalen Venndiagram Styrkenotat Strukturert tankekart Bison	Samandrag Læresamtalen Venndiagram Styrkenotat Strukturert tankekart Bison
1. og 2. trinn ↓	Fleirkolonne notat Vøsl-skjema Nøkkelord Foss Bison	Fleirkolonne notat Vøsl-skjema Nøkkelord Foss Bison	Fleirkolonne notat Vøsl-skjema Nøkkelord Foss Bison
Bildenotat Tanke-/teiknekart To-kolonne notat Før,under,etter lesing	Bildenotat Tanke-/teiknekart To-kolonne notat Før,under,etter lesing	Bildenotat Tanke-/teiknekart To-kolonne notat Før,under,etter lesing	Bildenotat Tanke-/teiknekart To-kolonne notat Før,under,etter lesing

Denne læringsstrategitrappa er teken med for å sikra at dei ulike læringsstrategiane blir gjennomgått omtrent likt i skulane i Finnøy. Også her er det viktig å merka seg at desse strategiane skal nyttast i alle fag der det er naturleg.

Oversikt over kartleggingar i norsk i Finnøy kommune:

	SKAL gjennomførast	Skal gjennomførast ved behov
Bhg	Alle med	Tras
1. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Carlsten lese- og skriveprøve, haust og vår. Nasjonal kartlegging i leseferdigheit, vår.	6-16- test
2. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Carlsten lese/skriveprøve, haust og vår. Nasjonal kartlegging i leseferdigheit, vår.	6-16-test Logos-test
3. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Carlsten lese/skriveprøve, haust og vår. Nasjonal kartlegging i leseferdigheit,vår. Ordkjedetest haust og vår.	6-16-test Logos-test
4. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Carlsten lese- og skriveprøve, vår. Setningsleseprøve SL40, haust. Trening/førebuing til nasjonal prøve. Ordkjedetest, haust og vår.	6-16-test Logos-test
5. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Nasjonal kartlegging i leseferdigheit, haust. Setningsleseprøve S-40, vår. Ordkjedetest, haust og vår.	6-16-test Logos-test

	SKAL gjennomførast	Skal gjennomførast ved behov
6. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Carlsten lese/skriveprøve, vår. Setningsleseprøve S-40, haust. Ordkjedetest, haust. og vår.	6-16-test Logos-test
7. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Setningsleseprøve S-40, haust. Carlsten lese/skriveprøve,vår. Tentamen 3t. Ordkjedetest, haust og vår.	6-16-test Logos-test
8. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Nasjonal kartlegging i leseferdigheit, haust. Setningsleseprøve S-40, vår. Tentamen. Ordkjedetest, vår.	6-16-test Logos-test
9. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Nasjonal kartlegging i leseferdigheit, haust. Tentamen desember og mai. Setningsleseprøve, vår. Ordkjedetest, vår.	6-16-test Logos-test
10. trinn	Soling minimum 2 gonger pr. år. Setningsleseprøve, haust. Tentamen, desember og mars.	6-16-test Logos-test

NB! Alle test-resultat skal registrerast i VOKAL!

Kommunalsjefen for oppvekst og administrasjonen takkar alle som har vore med og gitt innspel til ny leseplan. Ein spesiell takk til Paul Aano som har leia dette arbeidet, og prosjektgruppa som har vore med på å laga planen. Takk til alle som har vore aktive i ulike responsgrupper på skulane, i pedagogisk forum og i leiarmøta. Ein takk skal og rettast til veiledarkorpset frå utdanningsdirektoratet som spora oss inn på dette utviklingsarbeidet.

Prosjektgruppa

Edle Skavland, Talgje barnehage
 Ragni Hidle, Ombo oppvekstsenter avd. barnehage
 Mari Ekroll, Finnøy sentralskule avd. Hesby
 Kjersti Sandanger, Fogn Oppvekstsenter
 Ingvild Angelskår Moen, Finnøy sentralskule
 Terje Jonassen, Sjernarøy oppvekstsenter
 Hildegunn Strandberg, Finnøy sentralskule
 Roald Mjøltnes, Finnøy sentralskule
 Merete Meling Kindingstad, biblioteksjef
 Helene C. Knivsberg, helsesøster
 Paul Aano, prosjektleiar

Styringsgruppa

Reidulf Vignes, Kommunalsjef for Oppvekst
 Leiargruppa for Oppvekst

I tillegg til denne planen vil me oppfordra alle til å nytta seg av rettleingsmateriellet «LESING ER» frå Lesesenteret i Stavanger, samt ein ressursbase på nettsida www.lesesenteret.no Det er dette materiellet planen byggjer på.

Det er henta inn løyve for bilda som er med i planen

August 2013


A

B

C

D

E



F

K

L

M